

NVE

uttalelse@nve.no

Kopi: Jakob Fjellanger jfj@nve.no

Høyringsutspel ifm revisjon av vilkår for reguleringa av Røldal-Suldalsvassdraget og søknad om konsesjon til fem nye kraftverk i samme vassdrag

Sak:

Lyse Kraft søker om å etablere pumpekraft i Kvanndal. Holmevatnet vil då nyttast som magasin for dette nye kraftverket.

Større sesongvariasjon og større reguleringshøgde på Holmavatn vil føre til dårlegare is og vil gjere trekkmogeteheit over isen vanskelegare for villreinen. Som avbøtande tiltak foreslår Lyse Kraft å tilbakeføre vegen mellom Sandvatnet og Holmavatnet til naturen. Holmevassåna vil leggest i tunell og kryssing av åna vinterstid vil verte lettare. Lyse kraft konkluderer med at summen av tiltak vil vara positive for villreinen.

Kvalitetsnormen seier Setesdal Ryfylke får raudt lys. Av delmåla for vårt villreinområde kjem tap av leveområde og vinterbeite fram som ein av dei største utfordringane. Vidare seier kvalitetsnormen at den negative utviklinga i villreinområda skal stoppes innan 2030, og at alle villreinområde skal ha minst middels kvalitet innan 2050.

RSK sitt utbyggingsområde i nordområda er i dag svært viktige vinterbeite for villrein. Sommarstid er det viktige beite for bukkane. Tidlegare nytta også simleflokkane områda nord til Holmavatnet sommar/haust , men det har vorte mindre i seinare år. Villreinen nyttar isen på Holmavatnet og områda rundt hyppig vinterstid.

SRV fryktar at konsekvensane av eit pumpekraftverk i Kvanndal vil hindre villreinen i å trekkje til viktige vinterbeite. Dette kjem på toppen av mange kraftutbyggingar med negativ konsekvens for villreinen i eit allereie marginalt område.

Tilbakeføring av vegen Sandvatn-Holmavatn: Vegene er i dag stengt for ålmenta med bom ved Sandvatnet samt vinterstengt heilt ned til Havrevassjuvet. Tiltak vil betre tilhøva for villrein marginalt.

Vatn frå Holmavassåna i tunell:

Tiltak vil betre trekk aust- vest sør for Holmavatnet vinterstid.

SRV meiner den negative konsekvensen med dårleg is på Holmavatnet er større enn dei positive tiltaka med tunell og veg. Med dagens vanskelege tilstand for villreinen meiner me at ein ikkje skal tillata nye utbyggingar utan at dei avbøtande tiltaka er større enn dei negative for villreinen.

Vilkårsrevisjonen for Røldal Suldal må sjåast i samanheng med tiltaksplanen for villrein som skal på høyring tidleg i 2025. Tiltaksplanen gjer grunnlaget for å kunne betre tilstanden og oppnå minimum godkjenning etter kvalitetsnormen. Det er ikkje rom for ytterlegare inngrep eller forstyringar som kan medføre forverring av tilstanden for villreinen. Avbøtande tiltak for å forbedre forholda for villreinen er naudsynt for artens overleving på lang sikt.

Vi meiner ein ikkje bør tillata effektkøyring i magasina.

Eksisterande anleggsvegar bør stengast eller illeggast eit strengare regime for bruk.

Med helsing

Lars Christian Øystad Benninghoff, Suldal Villreinlag
og på vegne av styret i Setesdal Ryfylke Villreinutval